



Det kgl helse- og omsorgsdepartement
Postboks 8011 dep

0030 OSLO

Jondal kommune
5627 JONDAL
Tlf. 53 66 95 00
Faks 53 66 95 10
e-post post@jondal.kommune.no
www.jondal.kommune.no
Org.nr 944 439 927
Bank 3450.07.08206
Sakshandsamar:
E-post else.oppedal@jondal.kommune.no
Tlf. 53669506

Dykkar ref.

Vår ref.

14/53-7 /ELO1/14/1856

Arkiv:

N-600

Dato

25.04.2014

Høyring om endringar i alkohollova- opningsdagar for sal av alkoholhaldig drikk.

Viser til brev av 27.01.2014. Jondal kommune har handsama saka 07.04.2014 i HOL; hovudutvalet for oppvekst og levekår, og gjort fylgjande merknad til saka:

HOL-010/14 VEDTAK:

1. *Jondal kommune går mot forslaget om å opne for at AS Vinmonopolet kan halda sine butikkar opne jul-, nyårs-, påske - og pinseaftan.*
2. *Jondal kommune går inn for at det vert opna for sal av alkoholhaldig drikk frå AS Vinmonopolet og daglegvarebutikkar på valdagar og dagar for folkerøysting.*
3. *Jondal kommune tilrår ei samordning av §§3-4 og 3-7 i alkohollova. Dvs. at utlevering av varer som vert tinga via internett eller telefon frå AS Vinmonopolet vert samordna med det regelverk som regulerer salstider for sal av alkoholhaldig drikk i gruppe 1 (inntil 4,7 volumprosent alkohol).*

Vedlagt kopi av sakspapira.

Med helsing

Else Oppedal

sakshandsamar